



## Statens vegvesen

VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlende enhet:  
Drift og vedlikehold

Saksbehandler/telefon:  
Tor Myklebust / 90839685

Vår referanse:  
20/208956-1

Deres referanse:

Vår dato:  
04.11.2020

### Svar på spørsmål i partsbrev: Fakturering av moped og motorsykkel på ferje.

Vi viser til brev datert 15.10.2020 frå kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune til Skyttel AS som er sentral tjenesteleverandør for AutoPASS for ferje, innleigd av Statens vegvesen. Sidan spørsmålet går på tilhøve som er regulert i ferjetakstregulativa, vel Statens vegvesen å svare.

#### Tilgang til rabatt ved bruk av AutoPASS-ferjekort

Motorsykkel og moped kan inngå som eit av to køyretøy i ein AutoPASS-ferjeavtale. På ferjesamband med Riksregulativet for ferjetakstar og AutoPASS-ferjekort som betalingsmiddel, er det altså råd å oppnå rabatt knytt til ein AutoPASS-ferjeavtale på vanleg måte.

#### Tilgang til rabatt ved bruk av kjennemerkeregistrering som alternativ til AutoPASS-brikke

Slik det nasjonale AutoPASS-systemet er, så kan ikkje motorsykkel og moped få tildelt AutoPASS-brikke. Denne køyretøygruppa var difor, ved oppstart av AutoPASS-for ferje, avskorne frå å få tildelt avtalerabatt på ferjesamband med AutoPASS-regulativ for ferjetakstar og AutoPASS-brikke som betalingsmiddel.

For å kompensere for manglande tilgang til avtalerabatt på brikkesamband, vart det utvikla ein noko lågare pris for motorsykkel i AutoPASS-regulativet for ferjetakstar, enn det som er i Riksregulativet for ferjetakstar. Denne lågare prisen, som måtte betalast med kontantar/bankkort, vart tilgjengeleg for alle motorsyklistar, også dei som ikkje hadde avtale. Motorsyklistar som tidlegare hadde fått rabatt gjennom bruk av verdikort, kom dårlegare ut.

I samband med suspensjon av kontaktbasert billettering etter utbrotet av Covid-19 vart det tilgang til teknologi med kjennemerkeregistrering også på ferjesamband med AutoPASS-brikke som betalingsmiddel. *Denne utviklinga opna for at reiser med motorsykkel og moped kunne knytast til ein AutoPASS-ferjeavtale via registrering av kjennemerke, og dermed oppnå rabatt.* AutoPASS-regulativet for ferjetakstar vart korrigert for dette, gjeldande frå 7. april 2020.

Bruken av kjennemerkelesar er knytt til midlertidig lov om billettering som gjeld no. Så lenge denne lova gjeld, har motorsykkel og moped altså same tilgangen til avtalerabatt som bilar.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Drift og vedlikehold  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Malakoff 2  
6770 NORDFJORDEID

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Utsending av papirfaktura**

Utsending av papirfaktura, pr-e-post, skjer pr i dag berre i dei tilfella der det ikkje er tilknytning til AutoPASS-ferjeavtale.

Med hilsen

Edvard Thonstad Sandvik  
Avdelingsdirektør – Ferje

Tor Myklebust

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*